



Aurland, 05.11.2019

Mottakere ifølge liste

Vår ref.
2019000004-14

Dykkar ref.

Sakshandsamar
Hanna Hjellum Borlaug, 57 63 29 00

Arkiv
K1 - 080, K3 - &17

Aurland Eldreråd - referat frå møte 29. oktober

Desse møtte: Marit Berge, Knut Gunnar Heggstad, Monica Finden, Alv Loven, Reidun Skahjem og sekretær Hanna Hj. Borlaug. Kjell Arvid Bakke melde avbod.

I sak 11/19 Orientering om arbeidet med utbygginga av Helsetunet møtte tenesteleiar Kari Voldum.

Sakliste:

11/19. Orientering om arbeidet med utbygginga av Helsetunet

I orienteringa sa Kari at dette er både ei utbygging og ei ombygging av eksisterande bygningsmasse. Gamlebygget skulle vore rive for nokre år sidan, men dette er ikkje gjennomført. Bufelles vert tømt no. Dei eldre vert omplasserte.

- Det er jobba med forprosjektet i eit ½-års tid
- Ny del skal sprengjast inn i terrenget, og det vert ein kobling mot Sansehagen
- To representantar frå Husbanken har vore på synfaring.
- Området vert ikkje for bratt, slik at dei to frå Husbanken kunne godkjenne dette

Nybygget er planlagt veldig godt frå byrjinga av. Ein politisk sakskomité vart sett ned, og med tenesteleiar for pleie og omsorg representert. Tilsettere representasjon har foregått igjennom dialogmøter, der arkitekt har presentert arbeidet og teke imot kommentarar og innspel. Det har i prosjektperioden vore fleire slike dialogmøter med tilsette i pleie og omsorg og bu og miljøtenester.

Arkitekt Erling Haugen og Kjell Tokvam har vore innleigde i dette arbeidet. Her er noko av dei tinga som er tenkt i det nye bygget:

- Ein avdeling med sju kortidsplassar
- Ni omsorgsbustadar over to etasjar
- Eit eige rom for pårørande
- Avdeling for par
- Utviding av eksisterande demensavdeling med fire nye rom
- Stort møterom
- Små møterom
- Trimrom
- Eige rom til fysioteneste
- Rom til legeteneste
- Heis
- Vaktrom på alle avdelingar
- Felles stove på alle avdelingar
- Garasjeanlegg

- Ladeplassar for el-bilar
- Svalgang mellom det nye og det gamle bygget

Byggjesummen er på 125 millionar kroner. Søknad inn til Husbanken kan gjere sitt til at Aurland kommune kan få att mellom 45-55 % av byggjesummen. Det vil utgjere om lag 25 millionar kr. Her kjem momsen som òg kommunen får att. Då vert den totale byggjesummen på 75 millionar kr.

Det vart sagt i møte at det er viktig at søknaden til Husbanken må sendast inn dette året. Saka om Helsetunet var oppe i kommunestyret i junimøtet, og det vart samrøystes vedtak om at prosjektet skulle gjerast ferdig.

Bu og miljø er samla for seg. Det er eldreomsorga som er førsteprioritet no.

Tankar og idear som kom fram i møte:

- Frisklivssentral og dette med arbeidstrening vart lufta; små arbeidsoppgåver som ein kan samle på ein stad.
- Bygje glastak over Sansehagen
- Fleire av omsorgsbustadane i Flåm står tome, og manglar vedlikehald
- Dei må klargjerast og lysast ut

12/19. Referat frå møtet i OOK

Monica Finden refererte frå saka om prehospitala tenester. Utval for omsorg, oppvekst og kultur ved leiar Monica Finden hadde laga ein høyringsuttale i saka. Eldrerådet støtta denne samrøystes. Høyringsnotatet ligg som vedlegg i referatet.

Ymse

Ordførar Trygve Skjerdal vart henta Eldrerådet vert valt 7. november. Pensjonistlaget kjem med framlegg på nokre kandidatar. Utval for omsorg, oppvekst og kultur den kommunale representanten. Eldrerådet kan bli utvida med to representantar dersom ein ikkje får eit eige Råd for personar med nedsett funksjonssevne

Med helsing

Hanna Hjellum Borlaug
Konsulent

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

01.11.2019 Aurland Eldreråd - høyringsuttale i sak 03219 Prehospitala tenester Helse Førde - Endring i ambulansestructur

Kopi til:

Kari Voldum
Kristian Stråmyr
Steinar Sjøgaard

Likelydande brev er sendt til:

Alv Loven	Rygg 1	5745	AURLAND
Anne Grethe Breisnes	Rygg 24	5745	AURLAND
Ella Juven Widme	Flåmsdalsvegen 94	5743	FLÅM
Hege Loven	Ryggjakyrkja 13	5745	AURLAND
Kjell Arvid Bakke	Låvi 14	5745	AURLAND
Knut Gunnar Heggestad	Flåmsdalsvegen 83	5745	AURLAND
Kristin Sønnerheim	Dalen 40	5745	AURLAND
Marit Berge	Fretheimshaugane 15	5743	FLÅM
Monica Finden	Klokkargarden 21	5745	AURLAND
Reidun Skahjem	Dalen 88	5745	AURLAND

KOPPI